



## Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1952 - 14/27532

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

15.12.2014

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet 9.12.14

### Desse møtte:

Foreldre: Inger Hilde Fykse  
Andre tilsette: Grethe Titland (for Anny Wiig)  
Lindås kommune: Nina S. Øvreås  
Rektor: Arne Riisnes

**Forfall:** Solveig Kvamme, Ingrid Danielsen, Unni-Beate Solberg-Mortensen, Lars Høyland, Øystein Ånensen

**Ikkje møtt:** Hege Thorkildsen, Erik J Nilsen, Mathias Rune Tønnessen, Andreas Totlandsdal

### Sak 5 / 2014 - 15: Godkjenning av innkalling, sakliste

Årsplanen for SMU / SU inneheld oversikt over møtedatoar. Møtet vart utsett ein dag og kalla inn med ei veker varsling.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart begge godkjende.

### Sak 6 / 2014 - 15: Tema: § 9A- elevane sitt psyko-sosiale miljø.

Elevundersøkinga gjennomført november 2014 er enno ikkje gjort klar til gjennomsyn i UDIR. Skulen gjennomfører våren 2015 lokal mobbeundersøking. Drøftinga av det opplevde skulemiljøet vart grunna svakt oppmøte heller avgrensa, men likevel så pass at det er råd å sjå tendensar som og manifesterer seg på andre skular der ein har slekt og kjenningar.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Inntrykket er:

- Jenter er oftare innblanda i konflikhtar enn gutar.
- Konflikthane dreier seg m.a. om å vere flinkast, penast, mest velkledd, mest populær, beste ven osv.
- Konflikthane kan framstå som bagatellmessige for andre (vaksne), men vert opplevd som vanskelege for dei som er involvert.
- Digital mobbing eller uthenging er hyppigare enn før.
- Skulen og elevmiljøet vert ein del av fritida. Konflikhtar utanfrå vert dregen med inn i skulen.
- Elevane sitt sosiale miljø er prega av spel på telefonen, snuttar, bilete og spel.

Totalt er biletet at oppveksten er ikkje alltid så enkel og mange tek skade av å konkurrere om gunst og popularitet.

### **Kva gjer skulen?**

Skulen - personalet og rektor - grip inn så snart ein avdekker utilfredsstillande forhold eller får melding om slike. Kontaktlærarar har eit tett og godt forhold til foreldra og elevane slik at skulen heile tida kan vere i handlingsrommet i høve desse problemstillingane som hjelp, støtte og som refsar.

Skulen har og eit godt samarbeid med politiet for å understreke alvoret for elevane.

Skulen har planar og regelverk samt undersøkingar som kan hjelpe til å halde rett kurs i handteringa av denne typen vanskar.

### **Tiltak:**

Politibesøk i alle klassar 10.12.14

Einskildvedtak ved behov.

Kontaktlærer følgjer opp etter mobbeplan / elevsamtalar.

### **Sak 7 / 2014 - 15: Høyring: Skuleruta 2015 - 16**

SU drøfta framlegg til skulerute og vedtok framlegg til endringar.

- Vedtak:**
1. Flytte veke 13 til veke 8 ( ha vinterferie)
  2. Avvikle vanleg påskeferie

### **Sak 8 / 2014 - 15: Høring: Leksehjelp**

Etter drøfting bestemte SU seg for dette vedtaket.

**Vedtak:** Leksehjelpa må vere gjennomført av kvalifisert personell i dei 8 t/v som er sett av. Behovet for leksehjelp er sterkast på 8.-10.kl. og bør setjast inn der.

### **Sak 9/ 2014 - 15: Høring: kommunedelplan skule**

Kommunestyret har vedteke ein planprosess fram mot sommaren som dreier seg om korleis skulestrukturen i Lindås skal vere, eller kva skular som skal leggjast ned. Det vert informasjonsmøte om saka i ei referansegruppe 16.12.14 kl. 1630 - 1830 i kantina i Nordhordlandshallen.

**Vedtak:** Skulen sender innkalling til Inger Hilde som skaffar 2 representantar til møtet frå FAU. Elevråd vel sine. Tillitsvalde og VO møter for seg.

### **Sak 10 / 2014 - 15: Retningslinjer for opplæring av minoritetsspråklege elevar**

Etter tilsyn frå Fylkesmannen har kommunen utferda retningslinjer for opplæring av minoritetsspråklege. SU utveksla synspunkt på tema - særleg med omsyn til innlæringa for den einskilde og ber om at det vert vurdert korleis språklæringa kan effektiviserast til gagn for elevane.

**Vedtak:** SU ber om at det vert oppretta språktreningskurs felles for skulane og at ei slik ordning vert evaluert før den vert sementert.

### **Sak 11 / 2014 - 15: Ymse saker**

1. **Takk for all hjelp og støtte under jubileumsmarkeringa.** Flott at så mange møtte. I framhaldet kjem jubileumsskriftet. Det vert delt ut til alle elevar / familiar så snart det ligg føre.
2. **Nasjonale prøver viser gode resultat**, minst på nivå med fylket og landet. Ostereidet scorer over gjennomsnittet i lesing og rekning, men ikkje i engelsk. Det er ei stor utfordring for elevane å arbeide konsentrert over tid og der er nok av ting som forstyrrer.
3. **Vurdering for læring knesett 4 prinsipp:**
  - a. Elevane skal vite kva dei skal lære og kvifor og verte møtt av forventningar
  - b. Elevane skal få hyppige tilbakemeldingar undervegs i læreprosessen
  - c. Elevane skal bli rettleia om korleis dei kan forbetre resultatane sine
  - d. Elevane skal vere med å medverke og bestemme og setje mål for eiga læring og vurdere om dei når måla.

I utviklingsarbeidet er det slike prinsipp det vert arbeidd med å implementere.

#### **4. Ungdomstrinn i utvikling - Klasseleiing**

Ostereidet ungdomsskule har valt klasseleiing som satsing. Det tema har 4 søyler: struktur og reglar, støttande relasjonar, læringskultur og motivasjon. Det vert arbeidd mykje og godt med dette for tida. Lærarar rettleier kvarandre og haustar både erfaring og inspirasjon ved å observere kvarandre i undervisninga og i drøfting før og etter timar.

Eit langsiktig mål er å lage ein lærande organisasjon der personalet heile tida er på jakt etter å lære meir og dele innsikt med kvarandre i kunnskapsutviklande prosessar.

Ostereidet, 10.12.14

Arne Riisnes, ref

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Medlemer og varamedlemer